



## **VOS2A**nytt frå destinasjonen des 09

**Set av tid 14.-15.april 2010 for Møtestad Reiseliv på Voss. For 3. gong vert denne konferansen arrangert i fylket. Program kjem i januar.**

- ❖ Voss kommune med 500.000 over kommunebudsjettet til marknadsføring av Voss som reisemål
- ❖ Voss Næringshage – status
- ❖ Reiselivmøte i Fraktgodsen *I takt mot Voss 2017*
- ❖ Oppstart sykkelprosjekt
- ❖ Arbeidsdeling mellom turistkontoret og Destinasjon Voss
- ❖ Handlingsplan 2010 og felles tiltak sommar
- ❖ Marknadsbidrag 2009

### ❖ **500.000 frå Voss kommune**

Det var innføring av eigedomsskatt som gav kommunen handlefridom til å setje næringsutvikling og marknadsføring på dagsorden. I budsjettmøte i kommunestyret den 10.12 vart budsjettet vedteke med kr 500.000 til marknadsføring av reiselivet gjennom Destinasjon Voss. Dette er eit viktig steg i rett retning for samhandlingsmodellen!

### ❖ **Voss Næringshage - status**

Drøftingar om å gå inn i Voss Næringshage er i innspurten. Dette arbeidet er viktig som et verktøy for å drive prosjektutvikling fram mot dei mål som er sett i reiselivsstrategien *Voss mot 2017*. Voss kommune har presentert ein modell der også Festival Voss og Vossameny går inn på eigarsida, slik at næringshagen kan fungere som eit nettverks- og kunnskapssenter både for reiseliv og kulturbasert næring. Viktige avklaringar vil skje i januar.

### ❖ **Reiselivsmøte i Fraktgodsen**

Om lag 100 personar hørte dagleg leiar i Destinasjon Geilo, Tom Roll, dele interessante erfaringar med oss om reisemålutvikling. I tillegg gav denne kvelden eit innblikk i kva prosjekt som er under utvikling; Vindtunnel, ekstremaktivitetshus, høgdepark, ny kabelbane og hotell i Voss Resort, samt vidareutvikling av Voss Fjellandsby, Myrkdalen. Destinasjon Voss fekk også presentert litt av den aktiviteten dei driv med. Mellom anna kom den nye vinterbrosjyra rett frå trykkeriet:



### ❖ **Sykelprosjekt**

Sykelprosjektet i Hordaland, der me har som mål å få Voss som ein "syklist velkomen" destinasjon, er nå finansiert. Me hadde oppstartmøte i Bergen den 03.12. Destinasjon Voss er lokal prosjektleiar v/Anne Grethe, og vil samarbeide med ei arbeidsgruppe om val av sykkelruter, korleis merke rutene osv. Desse er med i gruppa for vår region: Liv Holmstrøm (Voss Vandrarheim), Per Berge (Voss Fjellandsby, Myrkdalen), Irlil Schau Johansen (Voss kommune), Sigbjørn Slåtten (Voss Resort), Hilde Styve og Turid Sundt (Patina



Evanger/Den grønne sløyfa), Sveinung Klyve (Vaksdal kommune), og Ingar Fasteland (Den grønne sløyfa). Dette miljøet vert utvida med ein frå Statens Vegvesen, Voss, ein frå det aktive sykkelmiljøet og ein frå det kommersielle sykkelmiljøet. Interessert? Ta kontakt med Anne Grethe

#### ❖ **Visuell profil og merke for god design**

Me minnar om søknaden vår til Norsk Designråd om Merket for god design for VOSSAprofilen. Dersom me når opp i konkurransen her, så vert det mykje ekstra merksemd til våren. For medlemmer som ikkje har kome i gang med å nytte profilen, ta sats i 2010. Manglar du designhandbok eller originallogoar etc., ta kontakt med Anne Grethe.

#### ❖ **Arbeidsdeling med turistkontoret**

I samband med handsaming av Kommunedelplan for reiselivet i haust, vart behovet for samordning av arbeidsoppgåver med turistkontoret presisert. Dette er nå gjort, gjennom felles plan for arbeidsoppgåver for 2010. (Sjå handlingsplan 2010).

#### ❖ **Handlingsplan 2010**

Denne planen vart godkjent av styret i reiselivsrådet den 05.11, med nokre endringar. Sjå planen i eige vedlegg.

#### ❖ **Marknadstiltak sommar**

Tiltak skjer i samarbeid med Fjord Norge (den internasjonale marknaden) og Innovasjon Norge/destinasjonane i Hordaland (den norske marknaden). Meir informasjon om konkrete samarbeidsprosjekt straks over nyttår. Elles er brosjyrane Aktiv i Bergen og

Hordaland klare for distribusjon til sommaren (norsk og engelsk).



#### ❖ **Marknadsbidrag 2009**

Faktura for marknadsbidrag 2009 vert sendt ut denne veka. Fakturabeløp er berekna ut frå omsetning 2008. Med kommunen med på laget er tida moden for å gå ut til fleire næringsaktørar og tilby medlemsskap.

Alle trykksakene – i fullformat – finn du på [www.visitvoss.no/bransje](http://www.visitvoss.no/bransje)

Kontaktinfo Destinasjon Voss  
[post@visitvoss.no](mailto:post@visitvoss.no) 40617700  
Følg oss på <http://twitter.com/vossatvittar>

**Me ynskjer alle våre medlemmar og aksjonærar**

**God jol og  
Godt nytt år**

**VOSZA**  **helsing**

*Frå Gunhild, Erik og Anne  
Grethe*